

Positivt ved Eidsvik: Snurpar til service

10.12.2010



Ligrunn ved Eidsvik - eit positivt syn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eidsvik Skipsbyggeri kan no registrera ein positiv nyheit:**  
**Ringnotsnurparen Ligrunn har kome inn for serviceopphold ved verftet.**  
**Det betyr at 10 mann har jobb, men kor lenge veit ikkje Ståle Hallingstad.**  
**Den største arbeidsplassen i Uskedalen vil framleis vera prega av permitteringar.**

- Dette oppdraget er sjølv sagt positivt, men det betyr ikkje all verden, det er omtrent som når du leverer bilen din inn til service, seier Hallingstad.

Ligrunn har forresten ei mangfaldig historie bak seg. Opprinnelag er båten dansk, bygd ved Aalborg Verft i 1979 og forlenga like før årtusenskiftet. Opprinnelag heitte den Geysir, men skifta namn då den vart kjøpt av Liegruppen i 2006.

Dette familieforetaket har 3 båtar og held til på Straume i Fjell kommune på Sotra.

Dei to andre båtane er Libas (den nyaste) og Liafjell.

Ligrunn har gjort mange gode fangstar og ein av dei beste var under loddefisket ved Island i 2005, då båtentok heile kvoten på 1.200 tonn på undereitt døgn.

Av Ola Matti Mathisen